



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1577 - 18/18047

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny til uttale - gbnr 9/7 Gjelsvik

Tiltak: Riving og oppføring av ny bustad
Byggjestad: Gbnr: 9/7 Stranda 1085
Tiltakshavar: Terje Iversen og Marianne Lyngbo Nielsen
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny på gbnr 9/7 Gjelsvik.



Det er i søknaden opplyst at eksisterande våningshus på garden er i dårleg stand og ikkje har vore i bruk på 20 – 30 år. Nytt våningshus skal først opp i same stil som eksisterande bustad, men vil vera noko større. Bygd areal (BYA) er oppgitt til 160 m². Ny bustad skal plasserast på same stad som eksisterande bustad står i dag.

Veg, vatn og avløp

Den nye bustaden får tilkomst til fylkesveg 394 via privat veg. Det skal etablerast privat vassforsyning og avløpsanlegg.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Søknaden vart send inn til kommune før nabofristen var ute, slik at det ikkje er kjend om det ligg føre nabomerknader. Kommunen har etterspurd dette i eige skriv.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert LNF-føremål.

VURDERING

Dispensasjon

Tiltaket er i strid med arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel og krev at det vert gitt dispensasjon for dette forhold. Tiltaket krev ikkje dispensasjon for gesimshøgda slik det er søkt om.

Jordlova

Vi ber om at det vert gitt uttale i forhold til om tiltaket krev særskild løyve etter jordlova.

Veglova

Vi ber om uttale om at det vert gitt uttale i forhold til om tiltaket krev utvida avkjøringsløyve etter veglova. Vi gjer merksam på at eksisterande bustad har hatt tilkomst til fylkesvegen 394.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om riving og oppføring av ny bustad - gbnr 9/7 Gjelsvik

Tegningar ny bustad

Situasjonsplan

Nabovarsel

Gbnr 9-7 grunnkart

Gbnr 9-7 kommuneplan

Vedlegg:

Gbnr 9-7 Ortofoto 2015

Kopi til:

Marianne Lyngbo Nielsen	Seimshovden 4	5260	INDRE ARNA
Terje Iversen	Seimshovden 4	5260	INDRE ARNA

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga	her		
Planavdelinga			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER